Dette syner at vegen har potensiale for trafikkvekst i framtida. Kor stort dette potensialet er, er vanskeleg å fastslå på det nåverande tidspunkt.

VEG STANDARDKRAV

Utifrå vegnormalane vil vegen ligge i vegklasse med ÅDT mellom 0-1500, sjølv om veksten i trafikk skulle bli stor.

Reguleringsplanen vedteke i 1996 legg opp til Standardklasse H1 ÅDT 0-1500 med vegbreidd 6,5m inkludert skulder (Handbok 017 utgåve 1992) . Parsellen vil fylgje

eksisterande riksveg med mindre justeringar. Vegen har fartsgrense 80 km/t. Den då gjeldande vegnormal har ein minste kurveradius på radius 230m. Mange av kurvane har radius mindre enn denne norma.

Utifrå gjeldande normal i dag (N100 utgåve 2013) vil ein leggje til grunn standardklasse H₀1, gjeldande for ÅDT 0-1500. Denne har framleis krav til ein vegbredde på 6,5m og minste kurveradius er satt til R=200. Framleis er det mange kurver som er mindre enn dette.

I utgangspunktet definerer vegnormalene ein standard som tilfredstillar måla ein har satt for utbygging av nye vegar. Vegvesenet innser at det ikkje er realistisk å oppnå ein slik standard på heile vegnettet. Ulike utbetringstiltak med ein definert standard for utbetring vil ofte vere meir realistisk og høveleg å utføre. Vegvesenet har derfor utvikla ein utbetingsstandard med reduserte krav til geometri, framkommelighet og sikkerhet.

Eit vilkår for å nytte denne standard er at ein unngår standardsprang. Legg ein utbetningsstandard U-H₀1 til grunn, er det same krav til vegbredde (6,5m), og kravet for horisontalkurvatur er r=200 for 80/ km/t og r=100 for hastighet 60/km/t. Standarden for regulert veg ligg for deler av strekninga nærare 60 km/t enn 80 km/i kurveradius.

Brattlandsdalen er eit trangt landskapsrom med bratte fjellsider og elv eller vatn i dalbotnen. Dersom kurveradiene skal aukast, kan det gje store konsekvensar med høge fjellskjeringar og fort gje behov for tunnel.

For å oppnå ein normert vegkurvatur i forhold til ein hastighet på 80 km/t og ein veg som gjer maksimal skredsikkerhet, vil lange tunnelar vere løysinga. Dette er sjølvsagt trafikalt den beste løysinga, men kan, sett i samanheng med vegen sin låge ÅDT, gje ein kostbar løysing som er vanskeleg å få prioritert i NTTP. Det er heller ikkje ynnskeleg for ein nasjonal turistveg.

Gjeldande tunnelnormal (N500 utgåve 2010) set store krav til utforming av overgangsona mellom veg i dagen og tunnel. Krav om konstant linjeføring (2/3 av stoppsikt) i denne sona og avstand til kryss vil påverka kor inn og utløp kan plasserast. I tillegg med dette området også vere skredsikkert.

Strekningsvise mindre tiltak, særskilt dei knytta til skredsikring er lettare å få prioritert. Av denne grunn legg me derfor gjeldande regulering til grunn som utgangspunkt for tiltaka og ser om ein kan heva standarden og oppnå tilstrekkeleg skredtryggleik.

FAGTEMA

Skred

Statens vegvesens nasjonale vegdatabank har pekt ut 14 skredpunkt på strekningen. Dette gjer strekningen til en av dei meir skredutsette strekningane på Vestlandet. En samstilling av disse skredpunkta er vist i kartbilag 5 i (2). Det vises for øvrig til denne risikoanalysen for beskrivelse av registrerte skredhendingar i perioden 1990-2015, samt en vurdering av usikkerhet i databasen over registrerte skredhendingar.

På strekningen er det mange 1km-segenter som ikkje tilfredsstiller risikoakseptnivået til strekningen i forhold til årsdøgntrafikk (ÅDT). Disse er illustrert i Figur 4 i (2) som røde 1km-segenter. Blant disse segmentane peker det seg ut noen spesielt skredutsette parti:

- Nedre Lonavatnet (kilometerstrekning 4 og 5 med henholdsvis 13 og 14 hendingar)
- Øvre Lonavatnet (kilometerstrekning 7 med 35 hendingar)
- Røldalsvatnet sør (kilometerstrekning 9, 10 og 11 med henholdsvis 26, 10 og 10 hendingar)
- Røldalsvatnet midt (kilometerstrekning 13 og 14 med henholdsvis 6 og 9 hendingar)

Det er registrert skredhendingar langs størsteparten av den nesten 15,7 km lange strekningen. I følge risikoanalysen (2) er det registrert 153 skredhendingar. Hendingane er fordelt som følger:

- 105 snøskred
- 31 steinsprang
- 11 isnedfall
- 6 løsmasseskred

Registrerte hendingar forkomme oftast i vinterperioden, frå november til mars. Vi antar på den bakgrunn at fryse/tine-prosesser (steinsprang) og store nedbørsmengder i form av snø (snøskred) er de mest hyppige årsaker til utløysing av skred. Det må også medreknes at det generelt er underrapportering av skredhendingar. Type skredhending kan også være feilrapportert. I følge de lokale var en stor del av skredproblemane der det var skjeringar isnedfall, mens mye av dette kan være registrert som snøskred.

Utarbeidet sikringsrapport (3) har fokusert på å utrede mulige sikringsløyser for de mest utsatte skredpunktene:

- Nedre Lonavatnet
 - o Hallbakkjen profil 4350-4400
- Øvre Lonavatnet
 - o Kleivane profil 6400-6450 (og fjellsiden generelt)
 - o Heggehola profil 6650-6800
 - o Brustveit profil 6950-7050
 - o Putlenesrasa profil 7100-7300
- Røldalsvatnet
 - o Ljoseskredo profil 10250-10350
 - o Eggjevika sør - Ekkjevik profil 12850-13000


Grunnforhold

Grunnforholdane langs traseen er synfart av geologer med hensyn på å finne mulige løyser for utbetring av eksisterande veg med tanke på skredsikkerhet og betre vegstandard. Løyser bygger også i stor grad på erfaring og tilbakemeldingar frå lokalkjente, lokalpolitikare og driftsansvarlig frå Statens vegvesen. Erfaringar frå lokalkjente er spesielt viktig i vurdering av de mest utsette skredområdene. Type skred, klimatiske forhold, skredfrekvens, lokalisering osv. er nyttig kunnskap om skred som tas med i planlegginga av utbetra trasealternativ.


I samarbeid med andre faggrupper er det vurdert ulike løyser for linjeføring. Det er søkt den mest gunstige løysinga for traseen med tanke på mulige inngrep i eksisterande linje og der hvor det er hensiktsmessig med tunnelalternativ er dette vurdert.

I følge lausmasekart hos NGU ligger strekningen i en dal med mye bart fjell med innslag av morene med varierende mektighet (Figur 1). Det ligger også noe elveavsetning der terrenget legger til rette for det. I sørenden av Røldalsvatnet ligger det elve- og bekkeavsetning og i sørenden av Lonavatnet ligger det noe brelvavsetning. I bratte, skredutsette fjellparti ligger det avsatt skredmateriale. Synfaring avdekka et større omfang av skredavsetning enn lausmasekartet viser.

Berggrunnskart frå NGU viser at store deler av traseen ligger i granitt (Figur 2), det vil si frå 0 – 11 km. Langs vegen og et godt stykke opp i åssidene på hver side ligger traseen stort sett i bergarten granitt. På de høgaste fjelltoppene er det noe innslag av gneis og glimmerskifer. Frå 11 – 16 km ligger traseen i granodioritt og granodiorittisk gneis.




Figur 1: Lausmasekart frå NGUs karttjeneste. Enhetsstrekningar på 1 km er innteikna.



Figur 2: Berggrunnskart fra NGUs karttjeneste. Enhetsstrekninger på 1km er inntegnet.

Kulturmiljø


Brattlandsdalen, er dalen mellom Røldalsvatnet i Odda kommune, Hordaland, og Suldalsvatnet i Suldal kommune, Rogaland. Gjennom det trange og ville dalføret går Rv. 13 Haugesund–Sand–Røldal; eit vegsamband som vart oppretta i 1884. Dalen har namn etter garden Brattland i Suldal.



Figur 3. Parti av den gamle vegen i Brattlandsdalen. Her fra nedre del som er under fredning. Statens vegvesens Nasjonal verneplan, objekt 179. Postkortsamlingen, UiB.



Figur 4. Parti frå Lone. Bru-kara og restar av trebrua ligg i tiltaksområdet.



Figur 5. Registrerte kulturminner på den aktuelle strekningen. Kjelde: Miljøatlas.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne på den aktuelle strekninga ut over dei registrerte slepene mellom Botnen – Håra og Botnen – Rossemyr. Det er registrert ei rad kulturminne knytt til gardsbusetnad i nyare tid. Brattlandsdalen har i lang tid vore eit viktig dalføre for samferdsla mellom Suldal og Røldal. Noko av grunnen til at det er registrert få førhistorisk kulturminne i dalen skyldast nok først og fremst at det har vore få arkeologiske registreringar og undersøkingar i området.

Mange av kulturminna er knytt til garden og gardshusa, men også til dei gamle veganlegga og kraftutbygginga. I tiltaksområdet finn vi mellom anna fleire gardstun, husmannsplassar, tradisjonelle jordbrukslandskap, stølsområde og vegminne. Kulturminne som ligg i eller nærme tiltaksområdet er nærare omtala i strekningsanalysen under.

Strekninga frå Selland til Håra er synfare med tanke på kulturminne og kulturmiljø som kan bli råka av tiltak, anten direkte eller indirekte. Objekt som er vurdert til å ha kulturhistorisk verdi er teke med i strekningsanalysen, sjølv om desse ikkje er oppført i SEFRAK eller kulturminnebasen.

Naturmiljø

Det er utført verdivurdering av tema naturmangfold, og vurderingar av tiltakets virkning på kartlagde naturmiljø. Se eige notat . (4)

Her blir naturverdiar synleggjort ,og eventuelle omsyn det bør tas til disse i gjennomføringa av tiltaket. Ulike deltema er kartlagt og beskrevet innanfor det undersøkte området. Viktige naturtypelokaliteter, viltområder, vannmiljø og ferskvannslokalitetar i influensområdet er beskrevet der det er sett som relevant for det framtidige tiltaket. For vannmiljø og ferskvannslokalitetar er lokaliteter nedstrøms tiltaket tatt med der de kan tenkast å bli påverka.

UTKAST

TILTAKSARK

Strekninga er totalt 15,7 km frå Hordaland grense til kryss E134 ved Håra. Det er delt inn i parsellar etter inndelinga som ble gjort i risikoanalysen (2).

Snøskred er dimensjonerande skred for strekningen og er behandla grundigare av Skred AS og det vises til rapport «Sikringstiltak med kostnadsoverslag» (3) for ytterligere beskriving, skredsikringsalternativar og lokalisering av stadnamn. Steinsprang, isnedfall og løsmasseskred er beskrevet i dette tiltaksarket.

Skredsikringsalternativane skil mellom aktive og passive tiltak (3). Aktive tiltak har relativt lave kostnader, men krev tett oppfølging. Skredrelatert risiko kan reduserast betydelig med disse tiltaka, men det vil fortsatt være en del vegstengingar. Eksempel på aktive tiltak er kontrollert nedsprengeing og varsling og overvaking. Passive tiltak har relativt høye kostnader, men krev begrensa oppfølging. Enkelte punkt kan sikrast med god effekt, men kostnadene med å sikre lengre strekningar er svært stor. Eksempel på passive tiltak er ledevoller, fangvoller, skredoverbygg, støtteforbygning i løsnedområder o.l.


For tunneler er tunnelklasse T8,5 lagt til grunn. Linjer for foreslåtte tunnelar er lagt i samsvar med I tunnelnormalen.

Kostnader


Kostnadene er basert på kjente enhetskostnadar. Kostnadene er inkludert rigg og drift samt byggherrekostnadar, og inklusiv 25% mva. I veg er det lagt til grunn ny overbygning, også der eksisterande veg blir utvida. Usikkerhet i kostnadsberekning på dette nivå +/- 25%

Strekningen deles inn i følgende parsellar:

1. km 1-3
2. km 3-5,5
3. km 5,5-8
4. km 8-10
5. km 10-12
6. km 12-14
7. km 14-16



Figur 6: Oversiktspild av traseen med tunnelalternativer

Parsell: 1 Rogaland grense - Hegerland**Km 0,0 – 3,0****Prosjektskildring**

Skred	Gult risikoakseptnivå og moderat skredfare. Ingen større tiltak nødvendig. I forbindelse med utbetring av veglinje kan eventuelle enkle grep for å redusere skredfare vurderast.
Grunnforhold	<p>Terrenget er stort sett relativt flatt rundt vegen og små terrengingrep antar vi er anleggsteknisk kurante.</p> <p>Ved profil 1010-1070 skal man etablere en 5-10 meter høy fjellskjæring på innerkurven.</p> <p>Ved profil 1125 skal det fylles ut i elva. Viktig at det blir etablert en stabil fylling som tåler belastning frå elveerosjon.</p> <p>Ved profil 1540-1570 skal er det regulert en ca. 5 meter høy skjering.</p> <p>Ved profil 2590-2740 skal eksisterande fjellskjering utvides. Skjeringa er ca. 5 meter høy.</p>
Vegstandard:	Rv 13 frå Nesflaten har god standard med gjennomgåande gul stripe.
Profil 0 – 980	Tunnel på fylkesgrensa samt veg vidare bygget i samsvar med reguleringsplan. Minste kurveradius 110.

Profil 980 -2800

Variierende vegbredde frå 4,5 -7m. Vegen stig jamt med nokre kurver, men grunna terrenget god oversikt. Nokre gardstun ligg tett inntil veg. Vegbreidda er smalare rundt gardstun og gjennom innmark rundt desse. Fleire avkjørsler.

Profil 2800 – 3450

Bygget i samsvar med regulering. Ny bru over elva, med rasteplass på sørsida. Minste kurveradius 150.

Kulturmiljø

På Selland/Sellandsbakkane ligg det to SEFRAK-registrerte bygningar som blir rørt av tiltak. Bygningane står tett på vestsida av eksisterande veg. Begge bygningane er uteløer frå 1800-talet. Uteløa lengst sør står til nedfalls. Ut over desse bygningane er det løypestrenger/taubaner i det kulturhistoriske jordbrukslandskapet på austsida av vegen og opp til bruka på Selland. I området på austsida av vegen ligg det også steingardar, rydningar og ruinar som kan bli berørt av tiltaka.



Tuna på Sellandsvik og Selland er vurdert som kulturmiljø med regional verdi (id 222009 og 222019). Disse lokalitetane ligger utanfor tiltaksområdet.

Bygningane i tunet På Hegerland er registrert i SEFRAK, og utgjer eit verneverdig bygningsmiljø frå siste del av 1800-talet. Gjeldande regulering er ikkje i direkte konflikt med bygningsmiljøet. Her blir breiddeutvidinga teken på austsida av eksisterande veg. Litt sør for tunet står ei eldre garasje i tilknytning til eit vegfar fram til eldre bru-kar ved elva.








Nord for Helgelandsgardane (like sør for den nye brua) er det registrert ein minnestein (Askeladden id 221536) etter skredet i

1922 som tok to menneskeliv. Minneplata er montert på stein frå skredet som er løfta opp igjen frå elva. På begge sider av Brattlandselva står bru-kara frå gamlebrua igjen i terrenget.

Naturmiljø

Lokalitet 1,2,3,4 og 5.

Lok_id	Lokalitetsnavn	Verdibegrunnelse	KU-verdi
1	Sellandsvik	Naturbeitemark, utforming fattig beite-eng (B-verdi). Naturtypelokaliteten er svakt gjengrodd, men inneholder flere beitearter. Små knauser og skogholt med bjørk er viktige elementer. Bare vanlige karplanter ble registrert.	Liten Middels Stor 
2	Sellandsvik sør	Store, gamle trær, utforming bjørk (B-verdi). Treet er styvet, intakt og har en del sprekkebark, men ingen hulrom, dødvedpartier eller rødlistearter ble registrert.	Liten Middels Stor 
3	Sellandsråsa	Rik boreal lauvskog, utforming rik lauvskog i lisisider (C-verdi). Naturtypelokaliteten er dominert av gråor, den er liten (3,2 daa), vokser på intermediær mark, og er for det meste intakt (få hogstspor). Artsmangfoldet er middels rikt, og vanlige karplanter ble registrert.	Liten Middels Stor 
4	Indregrav	Naturbeitemark, utforming fattig beite-eng (B-verdi). Naturtypelokaliteten er svakt gjengrodd, bl.a. med flere busker, men inneholder flere beitearter. Små knauser og steiner er viktige elementer. Bare vanlige karplanter ble registrert.	Liten Middels Stor 
5	Stegane vest	Naturbeitemark, utforming fattig beite-eng (B-verdi). Naturtypelokaliteten er liten (0,7 daa) og viser få tegn til gjengroing, men hevden har trolig opphørt og den er derfor i en tidlig brakkleggingsfase. Den inneholder flere vanlige beitearter.	Liten Middels Stor 

Lokalitet 1,2 og 3 kan bli rørt av regulert løysning for areal nærast vegen.

Tiltak:

Gjeldande regulering kan leggest til grunn. Linjustering med kurveutretting rundt dagens veg, enkelte høge skjeringar og mindre utfyllaingar. Justering av eksisterande avkjørsler. Fleire kurve med R110 og R150. R110 ved kurve Sellandsvik (lokalitet naturmiljø og kulturmiljø)

Alternativ løysing: En oppdatering til normert minsteradius kan truleg enkelt gjerast, men vil truleg gi noko større terrenginngrep. (Ny linje ikkje uttegna). Dette kan vere kritisk i

forhold til naturmiljø og kulturmiljø og dyrka mark. Truleg ikkje i forhold til skred. Krev ny reguleringsprosess.

Opparbeida iht til regulering i begge ender av strekninga taler for å også gjere det på strekninga i mellom, slik at ein får lik standard


Masser skjering/fylling truleg nokså i balanse

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemeteter	Kostnad per løpemeteter	kostnadsoverslag
Alternativ 1	Vegutviding og kurveretting lett terreng	1820 m	38 000	69 160 000

Parsell: 2 Hegerland - Nedre Lonavatn

Km 3,0 – 5,5



Prosjektskildring

Skred

Parsellen har ett punkt med stor skredfrekvens av større snøskred (profil 4350-4400). Punktet er referert til som Hallbakkjen i skredrapporten (3). Det er her registrert 14 skredhendinger i perioden 1991-2015.

Foreslått skredsikringstiltak ved Hallbakkjen er fangvoll med oppsamlingsbasseng. Lengde på vollen er estimert til ca. 90 meter, men må greiast ut nærmare for meir bestemte dimensjoner.

Parsellen har problem med isnedfall og steinsprang i lange og til dels høge fjellskjeringar. Profil 3630-3900 har gjennomsnittlig ca. 10 meter høg skjering, profil 4550-4670 har gjennomsnittlig ca. 5 m høg skjering og profil 4830-4930 har gjennomsnittlig ca. 15 meter høy skjering. Det blir tilråd sikring med issprangnett, rensk og bolting i skjeringane.

Grunnforhold

Fjellskjeringar ligger tett inntil veg utan grøft på lengre parti ved enhetsstrekningane 4 og 5. Fjellskjeringane er stedvis opptil 20 – 30 meter høye og evt. inngrep i skjeringene vil være krevjande. På nedsida av vegen er terrenget bratt ned mot Øvre Lonavatnet og tilhøyrande elveleie. Planlagt veg ligger i hovedtrekk langs eksisterande veg, men enkelte steder må vegen rettes ut og der blir det, i større eller mindre grad, behov for utfylling i sjø og sprenging av skjering.

Ved profil 3685-3720 skal det etablerast fjellskjering med høgde ca. 10 meter.

Ved profil 4000-4220 skal man først legge fylling ned mot Nedre Lonavatnet før man sprenger seg inn i neset som eksisterande veg går rundt. Her får man opptil 20 meter høye fjellskjeringer. Korleis skjeringa skal etablerast må vurderast nærmare. Det blir truleg behov for pallsprengning og sikringstiltak i forbindelse med utsprenging av skjeringa.

Ved profil 4610-4660 skal vegen utvides og her må man inn i en opptil 10 meter høy skjering.

Ved profil 5060-5120 skal veg gå på fylling i sjø.

Alternativ løysing: tunnel frå profil 3430 til 5150, (Tunnel 1 i Figur 6) lengde ca 1650m. Truleg gode påhoggområde i fjellskjeringar, men disse må vurderast nærare.

Vegstandard:

Profil 2800 – 3450

Bygget i samsvar med regulering. Ny bru over elva, med rasteplass på sørsida. Minste kurveradius 150.

Profil 3450 – 5200 Vegbredde 5-6m med møteplassar. Fleire uoversiktlege kurver. Stedvis dårleg eller manglande rekkverk. Sidebratt terreng ned mot elv/ vatn. Veggen går i stigning (ca 5-6%) opp til nedre Lonavatn

Kulturmiljø Sjå tidlegare omtale av kulturminne sør for nyebrua. Ved Lono er dei gamle bru-kara og restar etter bru-fundamenta bevart. Desse strukturane er verneverdige og bør regulerast til omsynssone.



Naturmiljø Ingen registrerte lokalitetar.

Tiltak: Regulering gjer utretting av kurver, med til dels høge skjeringar og fylling. Noko utfylling i Lonavatnet. Grunnforhold her er ikkje kjent. Stigning veg uendra.

Alternativ løysing: Tunnel på heile strekninga (Tunnel 1) lengde ca 1650m. Truleg gode påhoggområde i begge ender, men må vurderast nærare.

Mykje masseflytting frå skjering til fylling. Nokre fyllingar mot elva må kanskje erstattast med mur. Utfylling i vatn, ukjent dybde, gjer det vanskelig å anslå volum. Tunnelalternativ gjer stort masseoverskot som må deponerast.

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemeter	Kostnad per løpemeter	kostnadsoverslag
Alternativ 1 - Utbedring av eksisterende veglinje	Vegutviding og kurveutretting i sidebratt fjellterreng. Høge skjeringar og utfylling i vatn	1750.	77 000,-	134 750 000,-
	Issprangnett pr 3630-3900. 10m høy skjæring	270	4375,-*	1 181 250, -
	Issprangnett pr 4550-4670. 5m høy skjæring.	120	2180,-*	261 600,-
	Issprangnett pr	100	6550,-*	655 000,-


	4830-4930. 15m høy skjæring			
	Rensk og bolting av skjæringer	490	1020,-**	499 800,-
	Skredsikring Hallbakkjen	90	37 500,-	3 375 000,-
Alternativ 2 - Tunnel 1 ca. 1650m	Tunnel	1650	162 500,-	268 125 000,-

*Det er forutsatt en gjennomsnittlig skjæringshøyde på 10, 5 og 15 meter for de 3 strekningane som skal ha issprangnett.

**Det er antatt behov for 1-2 uker med rensk og ca. 100 bolter.

Parsell: 3 Øvre Lonavatnet, Haugen - Ormset

Km 5,5 – 8,0



Prosjektskildring

Skred

Parsellen har fire punkt med stor skredfrekvens av større snøskred. Punktene er referert til som Heggehola, Brustveit, Putenesrasa og Kleivane i skredrapporten (3). Det er her registrert 35 skredhendinger i perioden 1991-2015.

Foreslått skredsikringstiltak ved Heggehola og Brustveit er ledevoll med felles oppsamlingsbasseng. Lengde på vollen er til

saman for punkta estimert til ca. 350 meter, men må utredast nærmare for meir bestemte dimensjoner.

Ved Putenesrasa er det begrenset med plass til basseng og skredvoller, men man oppnår en viss skredfaredempende effekt med en fangvoll. Det presiseres likevel at dette ikke er en optimal løsning.

Ved Kleivane er skredløpa mindre definerte og sideterrenget er bratt. Større voller blir vanskelig å få til. Et lengre skredoverbygg er mulig, men blir dyrt. Foreslått sikringstiltak ved Kleivane er aktiv sikring med to til tre sprengmaster eller skredvarsling.

Grunnforhold

Parsellen begynner med å krysse Lonavatnet med ny bru. Vegen fortsetter over open dyrka mark før man går inn i et parti med sidebratt terreng og stor skredfare. Evt. utviding på innsida av vegen må gravd skjering støttes opp med mur, eller der det er fjellskjering må det sprengast ut. På nedsida av vegen må det fylles ut i sjø eller støttes opp med mur.

Alternativ løysing: tunnel på østsida av Lonavatnet, (Tunnel 3 i Figur 6) lengde ca 2000m. Truleg gode påhoggområde i sør, påhogg i nord kan ikkje leggast før profil 7500, grunna skredmassar langs fjellet. Påhogg må vurderast nærare.

Alternativ løysing: tunnel på vestsida av Lonavatnet, (Tunnel 2 i Figur 6) lengde ca 2800m. Truleg godt påhoggsområde i begge endar. Påhogg må vurderast nærmare.

Alternativ løysing for tunnel langs østsida av Lonavatnet som munnar ut i Botnen (Tunnel 5, figur 3). Denne tunnelen er ca. 400m lengre enn Tunnel 3, men gir en betre kurvatur. Noe usikkerhet rundt løsmassetjukkeleik ved påhogget i nord. Bør vurderast nærare.

Vegstandard:

Profil 5200-6000

Vegbredde 4,5-6m. Bru bredde 5,5m. Tilstand bru ikkje kjent. Kurve inn mot bru R=50 frå vest R=110 frå øst. Regulert veg følger dagens veglinje.

Profil 6000 - 6970. Veg langs vatn i overgang mot steinur. Vegbredde 5- 6m. møteplassar.

Profil 6970 – 7650

Vegbredde 7m i samsvar med reguleringsplan. Truleg bygd i samband med ny overføringstunnel for Hydro.

Kulturmiljø

På Melkestølen står det ein SEFRAK-registrert bygning. Denne er ombygd etter 1975. Bygningen går akkurat klar

tiltak/breiddeutvidinga i gjeldande regulering. Eldre mur mellom vegen og dyrka mark på denne strekninga.



På Eidet, inn forbi Sandholmen, ligg det eit SEFRAK-registrert tun. Våningshuset (no fritidseigedom) er i frå siste del av 1800-talet. Driftsbygningen er yngre. I gjeldande regulering er breiddeutvidinga tenkt på motsett side av vegen.



Naturmiljø

Ingen registrerte lokalitetar.

Tiltak:

Profil 5200-6000

Regulert løysing med breiddeutviding av dagens veg. Ny bru er regulert på same sted som eksisterande, med same krappe kurvatur. Alternativ løysing, ny bru med tilstrekkelig bredde og betre kurvatur inn mot bru. Dette gir brulengde 100m.

Profil 6000 - 6970.

Regulert løysing med kurveutbetring. Skredsikring med skredoverbygg i profil 6400- 6470. Fangvoll overfor vegen i profil 6680 – 6800.

Alternativ løysing: tunnel på vestsida av Lonavatnet, (Tunnel 2) lengde ca 2800m. Truleg godt påhoggområde i begge endar. Påhogg må vurderast nærare. Gjer inngrep i innmark for gardane Utigard og Innigard, minst inngrep ved å leggja vegen i standkanten. Veg frå Botnen koplast på ved eksisterande bru eller utfylling i Røldalsvatnet. Gjer 750m kortare veglengde.

Alternativ løysing: tunnel på østsida av Lonavatnet, (Tunnel 3) lengde ca 1600m. Truleg gode påhoggområde i sør, påhogg i nord kan ikkje leggest før profil 7500, grunna skredmassar langs fjellet. Påhogg må vurderast nærare. Litt unaturleg


kurvatur ved utløp nor, mest naturleg å sjå i samband med Tunnel 4 omtalt på parsell 4.

Alternativ Løysing tunnel langs østsida av Lonavatnet som munnar ut i Botnen. (Tunnel 5, i figur 3). Denne tunnelen er ca 400m lengre enn Tunnel 3, men den skåner området rundt Huldafossen og bygningsmiljøet langs dagens veg. Ein ny bru, slik som regulert, over enden av Røldalsvatnet vil løyse det mest skredsutsatte partiet i Botnen.

Masseregnskap. Inngrep i ur gjer det vanskeleg å anslå omfang, likeeins omfang av utfylling i sjø. Ledevoll/ fangvoll gjer behov for massar. Tunnelalternativ gjer stort masseoverskot som må deponerast.

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemeteter	Kostnad per løpemeteter	kostnadsoverslag
Alternativ 1 regulert løysing	Breddeutviding gjennom morene/ innmark	730	38 000	27 740 000
	Ny bru	50/ bredde 8m		12 800 000
Alternativ	Ny bru kurvet	100/ bredde 8m		27 200 000
	Breddeutviding langs skred-avseting, noko utfylling i vatn	940	55 000	51 700 000
	Ledevoll/fangvoll Heggehola, Brustveit og Putlenesrasa	200+150+90=440	37 500,-	16 500 000,-
	Aktiv skredsikring Kleivane	250-300	22 500,-	6 750 000,-
Alternativ 2	Tunnel 2 vestsida Lonavatneavt (sikrer også deler av parsell 4 mot skred)	2800	162 500,-	455 000 000,-
Alternativ 3	Tunnel 3 østsida av Lonavatnet	1600	162 500,-	260 000 000,-
Alternativ 4	Tunnel 5 østsida av Lonavatnet	2000	162 500	325 000 000

Parsell: 4 Botnen, Ormset - Rolvsneset**Km 8,0 – 10,0****Prosjektskildring****Skred**

Ved Botnen helt i sørenden av Røldalsvatnet er det problem med is-, snø- og steinnedfall frå skjeringar og evt. terrenget ovenfor skjeringane. Ny bru (profil 8600-8700) vil passere det første skredutsatte partiet. Vidare nordover i parsellen er det forsøkt sikra med graving av et oppsamlingsbasseng ved et punkt (omkring profil 9000). Elles er det enkelte skjeringar med isnedfall som kan sikrast med nett mellom Botn og Ljoseskred.

Grunnforhold

I sørenden av Røldalsvatnet ligger vegen tett inntil høye skjeringar (opptil 20 meter høy). Vegen blir her lagt i bru som

gjør at den passerer en lengre del av partiet med høye skjeringar før den kommer inn på eksisterande veg. Vegen vidare nordover ligger til dels i sidebratt terreng. Ved utviding på innsida av vegen må gravd skjering kanskje støttes opp med mur, eller der det er fjellskjering må det sprengast ut. På nedsida av vegen må det fylles ut i sjø eller støttes opp med mur.

Ved profil 9225-9270 skal vegen rettes ut gjennom å sprengje bort et lite nes. Skjeringa blir opptil 10 meter høy.

Alternativ løysing: tunnel på vestsida av Lonavatnet, (Tunnel 2 i Figur 6) lengde ca 2800m. Truleg godt påhoggområde i begge endar. Påhogg må vurderast nærare. Gjer inngrep i innmark for gardane Utgard og Innigard, truleg minst inngrep ved å leggja vegen i standkanten. Veg frå Botnen koplust på ved eksisterande bru.

Alternativ løysing 2: tunnel frå austenden av Lonavatnet til Røldalsvatnet, (Tunnel 4 i Figur 6) lengde ca. 500m. Truleg gode påhoggområde i sør. Påhogget i nord har utgåande på skrå ut av en fjellskjering. Påhogg må vurderast nærare.

Vegstandard:

Profil 7650- 8500

Veg gjennom dyrka morene. Vegbredde 4-5m, med møteplassar. Hus tett inntil vegen, fleire avkjørslar.

Profil 8500-8600

2 bruer over elva ved utløpet av Røldalsvatnet. Den søndre er vegvesenet sin, men er ikkje open for lastebiltrafikk. Bru over damluka eid av Norsk Hydro. Begge bruene er smale 1-feltsbruer.

Profil 8600-10000

Veg i sidebratt terreng langs Røldalvatnet. Vegbredde 4-6m med møteplassar. Nokre uoversiktlege kurvar.

Kulturmiljø

Ved Botnen ligg det eit bruk tett på søraustsida av vegen. Uthuset, som står nærast vegen, blir i gjeldande regulering rørt av breiddeutvidinga.



Bygningane er yngre enn 1900, men har likevel verneverdi. Breiddeutvidinga bør takast på andre sida av vegen slik at tiltaket ikkje kjem i konflikt med bygningen.

Botnabrua er et viktig samferdselskulturminne og kan knytast til kraftutbygginga i området.



Brua er bygd i 1941 og er i god stand. Kulturminnet har høg verneverdi. Brua er bygd av Erik Ruud Mek. Verksted på Grefsen i Oslo etter teikningar frå Vegvesenet. I gjeldande regulering er brua føreslegen riven. Brua bør takast vare på og regulerast i omsynssone.

Slepa frå Håra til Botnen (id 112738) kjem ned om lag ved Botnabrua, like vest for Hujenes. Også omtalt som Høgevegen. Slepa har uavklart vernestatus. Slepa går høgare i terrenget enn dagens veg, langs heile Røldalsvatnet, og fram mot Håra.

Den automatisk freda slepa (id 112737) frå Botnen til Rossemyr vert ikkje råka av tiltak. Det same gjeld Kvekerminnet (id 221535).

Naturmiljø

Lokalitet 6 og 7. Lokalitet 6 må fjernast ved regulert løysing.

Lok_id	Lokalitetsnavn	Verdibegrunnelse	KU-verdi
6	Eidet	Artsrik vegkant, frisk-fuktig utforming (C-verdi). Naturtypelokaliteten er liten (0,8 daa) og har tydelige vegetasjonstyper. Ingen rødlistearter eller regionalt sjeldne arter ble registrert. grenser til et innmarksområde. Det er også få artsrike vegkanter og andre verdifulle kulturlandskap i nærheten. Den grenser til et område med intensivt drevet mark.	Liten Middels Stor
7	Ørenes nord	Rik boreal lauvskog, utforming rik lauvskog i lisisider (C-verdi). Naturtypelokaliteten er dominert av gråor, den er liten (1,9 daa), vokser på intermediær mark, og er for det meste intakt (få hogstspor), men noe av skogen er ung. Artsmangfoldet er middels rikt, og vanlige karplanter ble registrert. Det er innslag av en del storbregner i lokaliteten.	Liten Middels Stor

Tiltak: Regulert løysing ved utretting av kurver og mindre justering av veglinje. Gjennom Botnen ligg veglinja nærare elva, noko som truleg ikkje aukar inngrep i dyrka mark. Langs Røldalsvatnet til dels høge skjeringar og utfylling i vatn. Ny bru (lengde a 100m) over Røldalsvatnet ved utløpet. Denne går utanom den mest utsatte strekninga for isnedfall.

Alternativ med kort tunnel gjennom Lonahalsen, (Tunnel 4 i figur 3), lengde ca 500m. Truleg gode påhoggsområde, må undersøkast nærare. Bru over Hundafoss, lengde ca 50m. Kryss for av- og påkøyring til Botnen må leggest ca 200m frå tunnelmunning (Der linja tar av frå dagens veg). Denne tunnelen kan og forlengast frå til påhogg langs Røldalsvatnet for tunnel 2. Lengda blir då 1100m. Då blir tunnel 3 + 4 (1650m + 1100m) om lag like lang som tunnel 2.


Alternativ med tunnel på vestsida av Øvre Lonavatnet (Tunnel 2), lengde 2800m, går heilt utanom denne parsellen. Atkomst til og frå busetnad i Botnen må skje via dagens veg langs østsida av Øvre Lonavatnet, eller utfylling i Røldalsvatnet. Kryss i tunnel tillét ikkje vegnormen.

Høge skjeringar gjer masseoverskot, litt avhengig av omfang av utfylling. Tunnelalternativ gjer stort masseoverskot som må deponerast.

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemeteter	Kostnad per løpemeteter	kostnadsoverslag
Alternativ 1 Regulert løysing	Breiddeutviding og kurveutretting gjennom morene/innmark	850	38 000	32 300 000
	Ny bru	100		27 200 000
	Breiddeutviding i gjennom skredavsetning, noko utfylling i vatn	1400	55 000	77 000 000
	Issprangnett i enkelte skjeringar	80	4375,-*	350 000,-
Alternativ 2	Ny veg på fylling	120	40 000	4 800 000
	Ny Bru over Hundafoss	60		16 320 000
Alternativ 2 Løysing	Tunnel 4 gjennom Lonahalsen	500	162 500	81 250 000

*Det er forutsatt en gjennomsnittlig skjeringshøyde på 10 meter.

Parsell: 5 Rolvsnes - Ekkje**Km 10,0 – 12,0****Prosjektskildring**

- Skred** Ved Ljoseskred er det et skredpunkt for store snøskred (profil 10250). I dette området er det registrert 10 skredhendinger i perioden 1991-2015. Foreslått skredsikringstiltak ved Ljoseskred er aktiv sikring med to sprengmaster i løsneområda.
- Grunnforhold** Frå kilometer 10 - 12 er vegen i sidebratt terreng, men ikkje like bratt som lenger sør. Man kan truleg utvide vegen på innsida utan å måtte støtte opp skjeringa med mur. Der det er fjellskjeringar er grøfta smal, så det må truleg sprengast ut. På nedsida av vegen må det fylles ut i sjø eller støttes opp med mur.

På overside av veg ligger det stedvis skredavsetning i de markerte skredbanene. Tynn vegetasjon tyder også på at skredbanene har en viss frekvens med aktivitet.

Ved profil 11910-11930 blir det en mindre fylling i Røldalsvatnet.

Vegstandard:

Profil 10000 – 12000

Veg i nokså sidebratt terreng langs Røldalvatnet. Varierende vegbredde mellom 4-7m med møteplassar. Nokre strekningar tilsvarende regulert bredde, men manglar grøft på innsida.

Kulturmiljø

Sjå omtale av Slepa Håra – Botnen ovanfor. Slepa går i lia ovanfor Holmane og Ekkje.

Ved bruket på Holmane står det ein eldre bygning tett på vegen (vestsida). Bygningen er yngre enn 1900, og ikkje registrert i SEFRAK. Ei yngre garasje står på austsida av vegen. Bruket har verdeverdi som småskala kulturhistorisk jordbruksområde. I gjeldande regulering vert begge bygningane nede ved vegen rivne. Her bør ein legge breiddeutvidinga mot vatnet slik at berre den yngste bygningen vert rivne. Eventuelt vurdere flytting av bygningen som ligg på oppsida av vegen.



Naturmiljø

Lokalitet 8, 9 og 10. Kan bli rørt av vegskråningar.

..

Lok_id	Lokalitetsnavn	Verdibegrunnelse	KU-verdi
8	Rolvsnes nord	Rik boreal lauvskog, utforming rik lauvskog i lisider (B-verdi). Naturtypelokaliteten dominert av gråor og bjørk, den er middels stor (3,2 daa) og vokser på svak lågurtmark der det også innslag av storbregner og enkelte høgstaudearter. Skogen er for det meste intakt (få hogstspor). Artsmangfoldet er middels rikt, og vanlige karplanter ble registrert.	<div style="background-color: orange; padding: 5px;"> Liten Middels Stor </div>

9	Gurines	Rik boreal lauvskog, utforming rik lauvskog i lisisider (C-verdi). Naturtypelokaliteten er dominert av gråor og bjørk, den er liten (0,9 daa) og vokser på storbregne- og svak lågurtmark. Skogen er for det meste intakt, men er relativ ung. Artsmangfoldet er middels rikt, og vanlige karplanter ble registrert.	
10	Holmane sør	Rik boreal lauvskog, utforming rik lauvskog i lisisider (B-verdi). Naturtypelokaliteten er dominert av gråor og bjørk, den er stor (6,4 daa) og vokser på storbregne- og svak lågurtmark, og med innslag av høgstaudearter. Skogen er for det meste intakt, men relativ ung flere steder. I tillegg har den vært utsatt for skred. Artsmangfoldet er middels rikt, og vanlige karplanter ble registrert.	


Tiltak: Regulert løysing ved utretting av kurver og mindre justering av veglinje. Minste kurveradie, ein kurve har R=150, elles over R=200.

En del masser kan takast ut, omfang av utfylling avhengig av djupne i vatnet.

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemetere	Kostnad per løpemetere	kostnadsoverslag
Alternativ 1 regulert løysing	Breiddeutviding og kurveutretting i skrått terreng. I noko utfylling i vatn	2000	55 000	110 000 000
	Aktiv skredsikring av Ljoseskred	330	11 500,-	3 795 000,-

UTKAST

Parsell: 6 Ekkje - Vikanes**Km 12,0 – 14,0****Prosjektskildring****Skred**

Ved Ekkjevika er det et skredpunkt for store snøskred (rundt profil 12900). I dette området er det registrert 6 skredhendinger i perioden 1991-2015. Vurdering av terrenget viser at det kan gå veldig store snøskred her.

Foreslått skredsikringstiltak ved Ekkjevika er fangvoll langs den mest utsette strekningen. Denne må dekke strekningen mellom Ekkjeåni og Vesleelva, og ha en lengde på 145 m. Effekt av fangvoll avhenger av størrelse og hastighet på dimensjonerende skred. Effekten av en slik voll må greiast ut nærmare.

Ved Vasteigen er det registrert 9 skredhendinger fordelt på ulike skredbaner. Det er ikkje utredet sikringstiltak for disse punkta, men fangvoller kan være aktuelle tiltak.

Grunnforhold

Terrenget er opent og sideterrenget er slakt for store deler av strekningen. God plass til evt. breddeutviding. Løsmassekart viser morenemateriale med stedvis stor mektighet.

Ved profil 13520-13550 blir det en ca. 5 meter høy skjering.

- Ved profil 13970-14050 blir det en opptil 10 meter høy skjering.
- Vegstandard:** Veg i svakt sidebratt terreng langs Røldalvatnet. Varierende vegbredde mellom 4-7m med møteplassar. Nokre hus langs strekninga, mellom 5 og 10 avkjørsler.
- Veg truleg nokolunde i massebalanse. Fangvoll treng ein del masse, mogleg deponi for andre parsellar.
- Kulturmiljø** Sjå omtale av Slepa Håra – Botnen ovanfor. Slepa går i lia ovanfor Holmane og Ekkje.
- Tunet på Ekkje ligg eit stykke på oppsida av vegen. Løa frå tida like etter 1850 er SEFRAK-registrert. Ingen bygningar med verneverdi nede ved vegen, men den dyrka marka strekker seg ned mot vegen. Ein del eldre murar mellom veg og dyrka mark. Breiddeutvidinga bør takast på nedsida av vegen.





I Ekkjevik er det eit verdifullt kulturlandskap, men bakkemurar, steingardar, tufter, ruinar, åkerteigar og gamal slåttemark. Slepa går gjennom det gamle tunområdet. I gjeldande regulering er det lagt opp til tiltak på begge sider av eksisterande veg. Her bør tiltaka leggast på den sida som vender ned mot vatnet for å unngå inngrep i kulturlandskapet og jordbruksstrukturane på oppsida av vegen.



Naturmiljø

Lokalitet 11 og 12. Veg og vegskråning kan gje inngrep i utkant av område.

Lok_id	Lokalitetsnavn	Verdibegrunnelse	KU-verdi
11	Ekkjestølen	Naturbeitemark, utforming fattig beite-eng (C-verdi). Naturtypelokaliteten er stor (3,9 daa) og viser få tegn til gjengroing og er trolig i hevd, men har nok tidligere blitt svakt gjødslet. Den er allikevel dominert av vanlige beitearter.	Liten Middels Stor 
12	Ekkjevika nord	Store, gamle trær, utforming osp (B-verdi). Samling av 5 store og intakte osper med sprekkebark, men ingen hulrom, dødvedpartier eller rødlistearter ble registrert.	Liten Middels Stor 


Tiltak:

Regulert løysing ved utretting av kurver og mindre justering av veglinje. Minste kurveradie, to kurver har R=150, elles over R=200.

Vegen truleg nokolunde i massabalanse. Fangvoll vil krevje mykje massar. Muleg deponisted for overskot frå andre parsellar.

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemeter	Kostnad per løpemeter	kostnadsoverslag
Alternativ 1	Breiddeutviding og kurveutretting i skrått terreng. I noko utfylling i vatn.	2000	45 000	90 000 000
	Fangvoll Ekkjevika	145	37 500,-	4 350 000,-

Parsell: 7 Vikanes - Håra**Km 14,0 – 16,0****Prosjektskildring**

- Skred** Gult risikoakseptnivå og moderat skredfare. Ingen større tiltak nødvendig for å redusere skredfare. I forbindelse med utbetring av veglinje kan eventuelle enkle grep for å redusere skredfaren vurderast.
- Grunnforhold** Frå kilometer 14 - 16 er vegen i slakt sideterreng eller med fjellskjeringar på innsida. Liten grøft gjør at man truleg må sprengje seg inn dersom det skal utvides på innsida. På nedsida av vegen må det fyller ut i sjø eller støttes opp med mur. Noen av skjeringane er utsatt for isnedfall.
- Ved profil 14080-14120 blir det fylling i Røldalsvatnet.
- Vegstandard:**
- Profil 14000 -14600** Veg i litt sidebratt terreng langs Røldalvatnet. Varierende vegbredde mellom 4-7m. Nokre hus langs strekninga, fleire avkjørsler.
- Ein del utfylling i vatnet, truleg masseunderskot.
- Profil 14600 – 15150** Veg bygget i samsvar med regulering.
- Profil 14150 – 15250** Gamal smal bru over Hårajuvet
- Profil 15250 – 15700** Veg gjennom Håra sentrum

Kulturmiljø

Sjå omtale av Slepa Håra – Botnen ovanfor. Slepa går i lia ovanfor Vikanes og Vikja like nedom Skiphellarhaugane og Båtheller.

På Vikanes blir uthuset nærast vegen rive i gjeldande regulering. Våningshuset på Vikja er tidfesta til 1800-talet og registrert i SEFRAK. Bygningen er noko ombygd/modernisert i seinare tid. I dag fritidseigedom.



På den gamle husmannsplassen på oppsida av vegen er både våningshuset og løa tidfesta til 1800-talet, og registrert i SEFRAK: Disse vert ikkje råka av tiltak i gjeldande regulering.

Ved Håratveita ligg ein eldre lagerbygning like på nedsida av eksisterande veg. Denne ligg like utanfor tiltaksområdet.



På Kleiva kryssar slepa over til nedsida av eksisterande veg. I kryssinga har det tildegare lege ein SEFRAK-registrert husmannsplass som i dag er fjerna.

Ved Håragjuvet går slepa på nedsida av eksisterande bru, medan ei eldre bru ligg på oppsida av denne. Sistnemnde kan knytast til kraftutbygginga i området. Denne brua har verneverdi, men blir ikkje råka av tiltak i gjeldande regulering.



I tunet på Lågja er det eit større samanhengane kulturhistorisk bygningsmiljø der eldste våningshuset skriv seg i frå første del av 1700-talet. Begge bygningane nærast vegen er frå 1800-talet, og er registrert i SEFRAK (meldepliktige jf. kml §25).



Slepa Håra - Botnen går gjennom tunet og kan sjåast mellom eldhuset og våningshuset til venstre i biletet over. Her bør breiddeutvidinga takast på oppsida av eksisterande veg. I gjeldande regulering vert både eldhuset og slepa råka av tiltak.

Naturmiljø

Lokalitet 13, må ta omsyn til ved bygging av ny bru.

Lok_id	Lokalitetsnavn	Verdibegrunnelse	KU-verdi
13	Håra	Skogsbekkekløft, utforming fjellskogsbekkekløft med lauvskog (B-verdi). Elveløpet er langt (ca. 400 m) og med et stort høydespenn. Lokaliteten er påvirket av veger og broer. Noe av skogen er eldre, mens noe i øvre del tatt ut. Rike	<div style="background-color: orange; padding: 5px;"> Liten Middels Stor </div>

		vegetasjonstyper dekker lite av arealet og artsmangfoldet gis lav vekt. Størrelsen på ca. 50 daa trekker opp verdien noe.	
--	--	---	--

Tiltak:

Profil 14000 -14600 Regulert løysing ved utretting av kurver og mindre justering av veglinje. En del utfylling i Røldalsvatnet. Minste kurveradie, tre kurver har R=110 og tre har R=150, elles over R=200.

Profil 15150 – 15250 Ny bru over Hårajuvet, antatt lengde 60m

Profil 15250 – 15700 Gjennomkøyring tilpassa tettsted og ferdsel for myke trafikantar

Kostnad:

Tiltak		Antall løpemeter	Kostnad per løpemeter	kostnadsoverslag
Alternativ regulert løysing	Breiddeutviding og kurveutretting i skrått terreng. I noko utfylling i vatn.	600	45 000	27 000 000
	Ny bru	60		21 600 000

OPPSUMMERING

Regulert løysing

Regulert løysing som følger dagens trasé med breddeutviding, mindre linjusteringar og kurveutbetringar, gjer ein løysing i samsvar med tilstøytane vegnett i sør. Vegen har nokre kurver som er mindre enn norma for standardklasse H₀1.

Det kan vurderast utbetring av kurvane som er mindre enn norma. Dette vil truleg gje noko større inngrep i omkring liggande terreng, med større skjeringar og fyllingar, samt meir inngrep i dyrka mark. Det vil i tillegg krevje reguleringsendring. Justering av veglinja i samsvar med norm er ikkje testa ut.

I alt er 3150 m opparbeida i samsvar med reguleringa, noko som utgjer ca. 20% av den totale strekninga.

Sikkerhet for skred i regulerte tiltak vil ikkje ha den same sikkerheten mot skred som skredsikringstiltak med tunnel. Det er ikkje gjort konkrete vurderingar for sikringseffekt for dei enkelte foreslegne tiltaka (3). Erfaring tilseier at sikringseffekten for tunneler og skredoverbygg er høg med opptil 95%. Terrengtiltak som valler og magasin vil gje ein sikringseffekt på 60-80%. Med overvaking og stenging av veg vil ein anslagsvis kunne oppnå ein sikringseffekt på ca. 50%. Sikringseffekten er avhengig av at tiltaka er dimensjonert riktig.

For parsell 1 i sør er dette satt opp som einaste alternativ, då her er skredhendingane få og ingen naturlege linjealternativ.

For parsell 5, 6 og 7 er regulert løysing einaste alternativ. For skredpunkta her, er ikkje tunnel naturlege alternativ.

Regulert løysing har ein totalkostnad på kr 720 mill kroner. Dette er inkludert rigg og drift, byggherrekostnadar og mva.

Løysning med tunnel parsell 2

Parsell 2 kan erstattast med tunnel på heile strekninga. (Tunnel 1 i figur 3) Dette fjernar alle skredpunkt og den smale vegen utsett for isnedfall. Ein tunnel kan og drivast utan at eksisterande veg må stengast.

Meirkostnaden for å leggja vegen i tunnel på dette strekket er 127 mill kroner. Totalkostnaden blir då 847 mill kroner, eller ein auke på om lag 18%

Løysing med tunnell Øvre Lonavatn – Botnen

Her er vurdert fleire løysningar med tunnel med ulike fortrinn.

Tunnel langs vestsida av Øvre Lonvatnet.. (Tunnel 2 i figur 3) Dette blir ein 2800m lang tunnel forbi hele Vatnet og utanom Botnen. Tunellen gir ein innkorting i veglengde på 750 og ein går utanom alle rasfarlege punkt langs Øvre Lonavatnet og Botnen. Ein sparar også inn 2 nye bruer i tillegg til skredsikringa. Denne løysinga er 258 mill kr dyrare, totalt 978 mill kr, eller 36% dyrare. Ulempa er at det ikkje gjer skredssikker tilkomst til Botnen utan ekstra tiltak. Det er heller ingen turistvegvennleg løysing, da den leiar vegen utanom viktige landskapsrom.

Alternativt kan ein leggja ein tunnel langs østsida av Lonavatnet, i ny bru over elva og gjennom Lonahalsen. (Tunnel 3 og Tunnel 4) med på lengde på 1650 og 500 meter. Denne løysinga unngår dei mest skredutsette partia, men gjer et stort inngrep i det vakre landskapsrommet rett over Huldafossen. Området er ikkje vurdert i forhold til naturmiljø og kulturmiljø.

Denne løysinga gjer ein auke i kostnadane på 211 mill kroner og ein total kostnad på kr 931 mill kr, eller 29% dyrare enn regulert alternativ. Ein oppdeling i berre ein av desse tunnelene vurderer vi som eit dårlegare alternativ enn dei andre.

Eit siste alternativ her er ein tunnel langs østsida av Lonavatnet som munnar ut i Botnen. (Tunnel 5, i figur 3). Denne tunnelen er ca 400m lengre enn Tunnel 3, men den skåner området rundt Huldafossen og bygningsmiljøet langs dagens veg. Ein ny bru, slik som regulert, over enden av Røldalsvatnet vil løyse det mest skredutsatte partiet i Botnen.

Meirkostnaden for dette alternativet er 232 mill kroner, totalkostnad 952 mill kr, eller 32% dyrare enn regulert alternativ.

Om ein veljar tunnelløysing både ved Nedre Lonavatn og Øvre Lonavatn vil vegen få ein høg standard her. For å sikre like høg standard mellom tunnelane bør ein derfor leggje ny bru med betre kurvatur over Lono.

Samanstilling kostnad

Alternativ	Regulert	Tunnel 1	Tunnel 2	Tunnel 3+4	Tunnel 5
Kostnad	720 mill kr	847 mill kr	978 mill kr	931 mill kr	952 mill kr
Meir kostnad		127 mill kr	258 mill kr	211 mill kr	232 mill kr
% økning		18%	36%	29%	32%
Tillegg Tunnel 1			127 mill kr	127 mill kr	127 mill kr
Ny bru over Lono				14 mill kr	14 mill kr
Sum			1 106 mill kr	1 059 mill kr	1 080 mill kr

Inndeling i etappar

Vi ser det naturleg å dele tiltaket opp i følgande etappar:

Etappe	Løysing	Kostnad	Prioritet
Rogaland grense – Hegerland (parsell 1)	Regulert løysing	69 mill kr	låg
Hegerland – Nedre Lonavatn (parsell 2)	Regulert løysing	141 mill kr	høg
	Tunnel 1	268 mill kr	
Øvre Lonavatnet – Rolvsnes (parsell 3 og 4)	Regulert løysing	252 mill kr	høg
	Tunnel 2	511 mill kr	
	Tunnel 3 + 4	464 mill kr	
	Tunnel 5	485 mill kt	
Rolvsnes – Håra (parsell 5, 6, 7)	Regulert løysing	257 mill	Låg, høg for punktutbetring skred



Møtedato 05.01.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 03/17 Støtte til prosjekt «Merkevare Hardangerfrukt»

Saksvedlegg:

Prosjektplan – søknad om støtte til Prosjekt «Merkevare Hardangerfrukt»

Saksutgreiing:

Prosjekt Merkevare Hardangerfrukt vart initiert som ei oppfølging av prosjektet «Dyrk smart» som vart avslutta i 2015.

Opprinneleg var prosjektet «Merkevare Hardangerfrukt» utforma som eit prosjekt for å styrka både frukt- og reiselivsnæring gjennom analyse og tiltak for å heva kjennskap til merkevaren «Hardanger»

Etter om lag eit år med dialog mellom prosjektgruppa/prosjektleiara og Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har prosjektplanen slik den no ligg føre utløyst støtte frå alle desse instansane. I tillegg har Sparebanken Vest gjeve støtte til prosjektet, samt at prosjekteigarane har gjort positive vedtak om sine eigenandeler i prosjektet.

Av vedlagte prosjektplan går det fram at dette prosjektet er inndelt i eit forprosjekt og eit hovudprosjekt.

Det vert gjeve ein presentasjon av prosjektplanen i regionrådsmøtet.

Saksvurdering:

Styrking av merkevaren «Hardanger» er viktig for alle næringane i regionen. Å lyfta fram den store identitetsskaparen, fruktnæringa, til å verta enno meir synleg i marknaden vil kunne bana veg for at også andre næringar vil kunne oppnå vekst. Dette gjeld m.a. lokal produksjon av mat og drykk basert på fruktprodukt og ikkje minst innanfor reiselivsnæringa.

Hardangerrådet vil inngå i styringsgruppa for prosjektet ved både dagleg leiara og merkevareambassadør.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar prosjekt «Merkevare Hardangerfrukt» med kr 100.000,- slik det går fram av finansieringsplan. Støtten til prosjektet vert finansiert gjennom restmidlar Regionalt Næringsfond Hardanger.

Søknad

Søknadsår	2016	Vår arkivsak:
Støtteordning	Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	
Prosjektnamn	Merkevare Hardangerfrukt - Forprosjekt Justert	

Kort beskriving

Dette prosjektet er ei oppfølging av DyrkSmart og skal sikra sikra frukt frå Hardanger marknadsadgang til høgast mogeleg pris. Dette skal gjerast gjennom eit eige prosjekt Merkevare HardangerFrukt (arbeidsnavn).

Prosjektet vert delt i to eitt forprosjekt og eitt hovudprosjekt.

Denne prosjektplanen omhandlar forprosjektet som er planlagt starta i 2016 og vil gå ut i 2017 med ei total kostnadsrøme 1,2 mill. NOK.

Prosjektbeskriving

Sjå Vedlegg som inneheld fylgjande punkt:

1. MÅL OG RÅMER.
 - 1.1. KORT OM PROSJEKTEIGARAR.
 - 1.2. BAKGRUNN.
 - 1.3. PROSJEKT – INNDELING OG MÅL.
 - 1.4. MÅL OG RÅMER.
2. GJENNOMFØRING.
 - 2.1. GENERELT.
 - 2.2. ANALYSE.
3. OMFANG.
 - 3.1. OPPGAVEORGANISERING OG AVGRENSING.
4. ORGANISERING.
 - 4.1. ANSVARSTILHØVE
 - 4.2. ANDRE ROLLER OG BEMANNING
5. BESLUTNINGSPUNKT OG OPPFØLGING.
 - 5.1. KRAV TIL STATUSMØTE
 - 5.2. KRAV TIL BESLUTNINGSPUNKT
6. RISIKOANALYSE
 - 6.1. RISIKOEVALUERING PROSJEKT.
7. KVALITETSSIKRING
 - 7.1. ORGANISERING AV KVALITETSSIKRING
 - 7.2. KVALITETSSIKRING AV KRITISKE SUKSESSFAKTORAR
8. GJENNOMFØRING.
 - 8.1. HOVUDAKTIVITETAR.
 - 8.2. TIDS- OG RESSURSPLAN
 - 8.3. FINANSIERING.

Kontaktopplysningar

Funksjon	Namn	Adresse	Poststad	Mobil
Søklar/prosjekteigar	Hardanger Fjordfrukt SA	Sletthagen	5778 UTNE	97526282
Epost prosjekteigar	post@fjordfrukt.no			
Kontaktperson	Leif Øie	Sletthagen	5778 UTNE	97526282
Prosjektleder	Sjur Ove Svartveit	-	5778 UTNE	90848850

Søknaden er sendt inn - av Sjur Ove Svartveit, sjur.ove@svartveit.no

Motteke offentleg støtte tidlegare: Ja

Støtte til prosjektet DyrkSmart

Vidare kan det opplysast at Hardanger Fjordfrukt er lagt inn som prosjekteigar, men at det vert oppretta ein juridisk bindande avtale om deling av plikter og ansvar i prosjektet med Ullensvang og Nå. Dette etter modell frå DyrkSmart.

Spesifikasjon

Bakgrunn

I samband med rullering av strategiske næringsplanen i Hordaland vart det utarbeida ein strategi for fruktnæringa i fylket. Hovudmålet var å auka produksjonen av kvalitetsfrukt i Hordaland med god lønsemd. Og det er sett opp 3 delmål

Auka produksjon av kvalitetsfrukt (herunder m.a. auka fornyingstakt, rekruttering, ta i bruk nye dyrkingsteknikkar, sikra areal og betra tilgang på tre)

Produsera kvalitetsfrukt (herunder m.a. avløyserordning, betra tilskotsordningar, kvalitetssikring samt sikra stabil finansiering av forskning og rådgjeving)

God lønsemd i næringa (herunder m.a. betra råmevilkår for næringa, økonomisk rådgjeving, effektivisering av fruktlagerdrifta og langsiktige planar).

Dette vart tatt tak i av fruktlagera i Hardanger som etablerte prosjektet DyrkSmart med hovudmål.

Sikra framtida til fruktnæringa i Hardanger gjennom aktivitetar som skal auka produksjonen av kvalitetsfrukt, hindra at gode fruktareal vert teke ut or produksjon og at ungdomen vert inspirerte til å gå inn i næringa.

I Sluttrapporten til DyrkSmart vart det lista opp 3 tilrådde tiltak som vidare arbeid: Fagleg oppfølging, auka satsning på moreller og merkevarebygging av Hardangerfrukt. Dette siste punktet hadde vidare utdjuping:

Fruktlagera må ta nødvendige grep for å sikra at frukt frå Hardanger vert sikra føremuner i marknaden gjennom til dømes eit merkevare og omdømeprosjekt.

Utan at det bør vera styrande for prosjektet har styringsgruppa også diskutert tiltak som:

- Utvikla marknadsføringsmateriell
- Finna pakningar og emballasje
- Samarbeid med kjedar om kampanjar
- Utvikla samarbeid med andre lokale aktørar
- Lokal informasjon (plakatar, video, radiosnyttar etc.)
- Lokal distribusjon (syta for at alle salgsledd i området har lokal frukt)
- Regional distribusjon (Syta for at særleg Bergen i størst mogeleg grad vert forsynt med frukt frå Hardanger).
- Nasjonal distribusjon (Syta for at Hardangerfrukt er på plass i utvalde butikkar i Oslo/Trondheim/Stavanger).
- Utvikla turiststiar der fruktlager og utvalde produsentar inngår – (inspirasjon – vingardar, whiskydestilleri, siderruta etc.)
- Ha auga på tilleggsprodukt saft, sider, skinke etc.

Prosjekt mål

Sikra grunnlag for arbeidet i hovudprosjektet ved å klargjera

- Korleis er fruktlagera førebudde på å tilby merkevare til marknaden
- Kartlegging av tilsvarande merkevarebyggingsprosjekt både historiske, løpande og komande.
- Konkurrentar og konkurrerande aktivitetar.
- Forventningar, krav og behov hos detaljhandel/ fruktdiskansvarleg
- Forventningar, krav og behov hos konsument

Som det går fram av innleiinga er Merkevare Hardanger ei vidareføring av DyrkSmart og vil vera med på å utvikla og styrka samarbeidet mellom fruktlagerane i regionen.

Forankring

Hardangerrådet har i perioden med utforming av prosjektmandat vore ein aktiv part samt at ein har rådført seg med potensielle finansieringskjelder (Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, Sparebanken Vest).

Fruktlagera i Hardanger (Hardanger Fjordfrukt, Ullensvang Fruktlager og Nå Fruktlager Eigd av over 200 fruktdyrkarar) ser at merkevarebygging av eigen frukt er nødvendig for å sikra omsetnad og god inntening.

I deler av planleggingsfasen har også Reisemål HardangerFjord (Hans Jørgen Andersen) , Merkevare Hardanger (Helge Møller) og Hardanger Saft og Sider (Nils Lekve) delteke

Prosjektorganisering

Prosjekteigar / Prosjektansvarleg Hardanger Fjordfrukt , Ullensvang Fruktlager og Nå fruktlager

Styringsgruppe

Rep. frå styret i Hardanger Fjordfrukt

Rep. Frå styret i Ullensvang Fruktlager

Rep. Frå styret i Nå fruktlager

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

Heidi Bjønnes Larsen Hordaland Fylkeskommune
Jostein Eitrheim - Hardangerrådet
Asgeir Løno – Sparebanken Vest
Helge Møller – Merkevarer Hardanger

Prosjektleder
Sjur Ove Svartveit frå Svartveit Bedriftsrådgiving AS

Prosjektgruppe
Leif Øie - Hardanger Fjordfrukt
Sigbjørn Brusletto, Ullensvang Fruktlager
Torleiv Nå Helle, Nå Fruktlager

Samarbeidspartnarar

Sjå forankring

I tillegg kjem ein til å knyta kontakt og kjøpa tenester frå ulike miljø innan merkevarerbygging, design, marknadsundersøking etc.

Aktivitetar

INTERN ANALYSE

Føremålet med denne aktiviteten er å klarleggja om produsentar/fruktlager er klare for meir marknadsretting av sin aktivitet og på kva område det eventuelt må setjast inn tiltak. Det vil vera grunnleggjande for merkevarerbyggingsaktiviteten at produsentane er byrge av sine produkt, har kjennskap til sin historie og ynskjer å la seg eksponera som viktige aktørar i verdikjeda.

Vidare er det viktig å skaffa greie på haldningar i dei siste ledda i verdikjeda når det gjeld sal og eksponering av Hardangerfrukt.

Den interne analysen må gjennomførast via tre metodar

- Intervju
- Webbasert - spørreundersøking
- Datainnsamling

INTERVJU

- Med utvalde produsentar (levert volum og alder) for å avklara haldningar, vilje og styrke til å produsera kvalitetsfrukt som marknaden vil ha, samt om dei er klare til å verta eksponert som PRODUSENT.
- Med viktige omsetningsledd (både grossistar og detaljistar) for å avklarar haldningar og vilje til å omsetja frukt og synleggjera frukt frå Hardanger.
- Med alle tilsette på fruktlagera for å avklara haldningar, vilje og anledning til at frukta som skal ut til marknaden vert kvalitetssikra i førekant av ein effektiv og føreseieleg distribusjon.

SPØRREUNDERSØKING.

- Alle produsentar tilknytt lagera for å avklara haldningar, vilje og styrke til å produsera kvalitetsfrukt som marknaden vil ha samt om dei er klare til å verta eksponert som PRODUSENT.

DATAINNSAMLING.

- Framskaffa informasjon om tidlegare framstøyt som å eksponera frukt frå Hardanger.

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

- Framskaffa informasjon om framstøyt frå andre regionar der deira spesialitetar er framheva herunder metode, volum og økonomi.
- Framskaffa informasjon (konkurrentanalyse) om arbeid i andre regionar (også utlandet) der føremålet er å fremja frukt frå deira region.

EKSTERN ANALYSE.

Føremålet med denne aktiviteten er å klarleggja haldningar, krav og forventningar hos konsumenten. Vidare søkja avdekka om Hardanger, som merkevare, er kjent hos konsumenten.

Den eksterne analysen må gjennomførast via tre metodar

- Spørreundersøking
- Observasjon
- Intervju

SPØRREUNDERSØKING

- Eit representativt utval innafor utvalde geografiske område vil bli spurt om sine preferansar ved kjøp av frukt.

Observasjon og INTERVJU.

- Gjennomføra feltarbeid i nokre utvalde butikkar der ein i hovudsak observerer kunden si framferd i fruktdisken samt gjennomfører intervju med eit utval av kundar basert på generelle spørsmål opne spørsmål (kvifor) om preferansar rundt kjøp av frukt.
- Ein føreset at arbeidet skal gjennomførast innafor prosjektperioden (ferdig vår 2017). Ein ser at resultat kunne vorte noko sikrere om dette hadde vore gjennomført i sesongen for Hardangerfrukt. Utsetjing av forprosjektet er lite ynskjeleg, men som ei ekstra kvalitetssikring legg vi inn også nokre ekstra observasjonsrundar i butikk i sesong for Hardangerfrukt i hovudprosjektet.

Målgrupper

Målguppene til prosjektet er

Fruktprodusentar i Hardanger - som vil verta involvert gjennom informasjon og deltaking (interne analysar - kartlegging).

Fruktkjøparar generelt - vil verta involvert gjennom marknadsundersøkingar, stands, undersøka kjøpsatferd, preferansar gjennom intervju etc

Tilsette i frukt og grøntavdeling - vil verta involvert gjennom uttesting av budskap og tiltak.

Innkjøparar av frukt og grønt - Vil verta involvert gjennom intervju og tilpassing/testing av tiltak

Resultat

Vi forventar følgjande resultat av forprosjektet

- Avdekka tiltak som må iversetjast hos produsentar og hos fruktlager for å sikra grunnmuren i arbeidet med merkevarebygging
- Avdekka tilhøve hos produsentar og lager som vil vera viktig i arbeidet med merkevarebygging.
- Avdekka både suksessar og fiaskoar i liknande merkevarebyggingsprosjekt med tanke

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

på å gjera dei rette val i vårt prosjekt.

- Avklara kven som er dei største konkurrentane til Hardangerfrukt og henta ut mest mogeleg om deira opplegg/planar.
- Avklara kva som er viktig for detaljhandelen, kva preferansar dei har og korleis dei let seg påverka.
- Avklara kva som er viktig for konsumenten, kva preferansar dei har og korleis dei let seg påverka.

Effektar

Vi har von om følgjande effektar:

Produsentane i Hardanger skal vera byrge over produkta sine og vera klar over kva som gjer at produkta har salgsappell.

Fruktkjøparane skal kjenna att varer frå Hardanger i fruktdisken og få gode assosiasjonar til produktet.

Innbyggjarar i Hardanger skal vera klar over kva lokale fruktprodukt som vert tilbydd til ei kvar tid og stolt både kjøpa produktet og tilrå andre å gjera det same.

Tids- og kostnadsplan**Tidsplan****Budsjettplan**

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Ekstern analyse - observasjon		258 000				258 000
Ekstern analyse - spørreundersøking		278 000				278 000
Intern analyse - intervju		91 400				91 400
Intern analyse Datainnsamling		54 000				54 000
Intern analyse spørreundersøking		64 000				64 000
Møter	8 000	97 000				105 000
Planlegging	100 000					100 000
Prosjektledning	20 000	133 810				153 810
uføresett		100 000				100 000

SUM 1 204 210**Finansieringsplan**

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Eigenandel - arbeid	8 000	222 400				230 400
Eigenandel - kapital	50 000	93 810				143 810
Fylkesmannen i Hordaland		150 000				150 000
Hardangerrådet	70 000	30 000				100 000
Hordaland Fylkeskommune		150 000				150 000
Innovasjon Norge		150 000				150 000
Sparebanken Vest		280 000				280 000

SUM 1 204 210

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNN)

Geografi

1227-Jondal, 1228-Odda, 1231-Ullensvang, 1232-Eidfjord, 1233-Ulvik, 1234-Granvin,
1238-Kvam

Vedlegg

Dokumentnamn	Filstorleik	Dato
PLPF Merkevere Hardangerfrukt 2016HFPLPF v03.pdf	212 390	13.12.2016



Møtedato 05.01.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 04/17 Administrasjonsbidrag til Hardangerrådet for administrasjon av Kraftlinjemidlane for perioden 2011 – 2016.

Saksvedlegg:

Status Kraftlinjefondet pr. 27.12.2016.

Saksutgreiing:

Disponering av Kraftlinjefondet vart vedteke i Regionrådsmøtet 08.12.2011 sak.

I dette møtet vart det gjort slikt vedtak.

HR-sak 56/11 Handlingsreglar for avbøtande Kraftlinjemidlar i Hardangerrådet.
Etter drøftingar i Hardangerrådet føreligg slikt

Vedtak:

I Premissar:

- a. Dette er frie midlar som Hardangerrådet bestemmer over utan at beslutningane skal forankrast i eigarkommunane/-herada.
- b. Grunnforståinga er å bruka desse midlane til det som er best for Hardanger samla.
- c. Kvar kraftlinekommune/-herad har fått eigne midlar til avbøtande tiltak, og Hardangerrådet sine midlar skal haldast utanfor kommunane sine vurderingar.
- d. Ein skal skilje mellom bruk av avkastninga og av kapitalstamma.
- e. Midlane skal brukast til eigne tiltak og ikkje til driftsstøttetilak.
- f. Midlane bør brukast til utløyising av andre midlar.

II Fordeling:

- a. Hardanger 2014 inntil 1 mill kr.
- b. Fossepunkta inntil 8 mill kr.
- c. Andre reiselivsrelaterte tiltak inntil 4 mill kr.
- d. Regionalt ungdomsarbeid inntil 1 mill kr.
- e. Hardangerrådsprosjekt inntil 4 mill kr.
- f. Avkastninga vert tillagt kapitalstamme utan bestemte føremål.

III Handsaming:

Midlane vert ikkje lyste ut som støttemidlar. Regionrådet bestemmer til ei kvar tid bruken av midlane.

Saksvurdering:

I samband med administrasjon og søknadshandsaming vedr. ulike fondsmidlar har Hardangerrådet hatt ei «overhead»-godtgjersle for tenestene. Desse inntektene for Prosjekt 1 Administrasjon i Hardangerrådet IKS har vorte rekneskapsført som «Inntekter for prosjekt». Det har vore normalt å ta inntil 10% i «overhead»-godtgjersle. Denne praksis har vore innarbeidd for t.d. Regionalt Næringsfond Hardanger og Etablerarfond Hardanger. For Kraftlinjefondet har det derimot ikkje vore avsett slik «overhead»-kostnad til administrasjon.

Av vedlagte oversikt går det fram at avkastninga frå fondet pr.d.d. er kr 1.393.334. Dette er før renteinntekter 2016 er førte. Av denne summen er det gjort løyvingar på kr 976.500,-. Udisponert restsum er såleis kr 416.834.

Som det framgår av vedtak i sak 56/11 er klare føringar for korleis fondet skal disponerast.

Det er imidlertid sett eit klart skilje mellom avkastning og kapitalstamma.

Dagleg leiar ber om at det som «overhead»-godtgjersle for åra 2011 – 2016 vert overført kr 250.000,- til Prosjekt 1 Administrasjon i Hardangerrådet IKS. Dette vil utgjere 1,38 % «overhead»-kostnad for kraftlinjemidlane.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet IKS Prosjekt 1 Administrasjon vert godskrive kr 250.000 i «overhead»-godtgjersle for administrasjon og sakshandsaming vedr. kraftlinjemidlane. Beløpet vert dekket frå avkastninga av kraftlinjefondet.

Fordeling:

a.	Hardanger 2014	Inntil	1 000 000
b.	Fossepunkta Nasjonal Turistveg	Inntil	8 000 000
c.	Andre reiselivsrelaterte tiltak	Inntil	4 000 000
d.	Regionalt ungdomsarbeid	Inntil	1 000 000
e.	Hardangerrådsprosjekt	Inntil	4 000 000
f.	Hardangerrådet iks		106 837
g.	Avkastninga vert tillagt kapitalstamme utan bestemte føremål.		1 393 334
			19 500 171

Tildelingar pr 21.12.2016	Løyvd	Utbetalt:	Rest løyving	Ramme	Ramme - utbetalt	Ramme - løyvd
Hardanger 2014	1 000 000	1 000 000	-	1 000 000	-	-
a. Hardanger 2014 Kulturtiltak	1 000 000	1 000 000	-			
Fossepunkta Nasjonal turistveg	8 000 000	8 000 000	-	8 000 000	-	-
b. Fossepunkta Arkitektur	8 000 000	8 000 000	-			
Andre reiselivsrelaterte tiltak	3 772 000	2 571 700	1 200 300	4 000 000	1 428 300	228 000
c. Aksjekjøp i Seaways	800 000	-	800 000			
Turistinformasjon i Bergen	682 000	682 000	-			
Visit Fonna Reiseliv	500 000	500 000	-			
Informasjonstavler Hardanger	300 000	300 000	-			
Tour des Fjords	1 200 000	800 000	400 000			
Hardangerfjord.com	215 000	214 700	300			
Trolltunga Mulighetsstudie	75 000	75 000	-			
Regionalt ungdomsarbeid	550 000	400 000	150 000	1 000 000	600 000	450 000
d. Hardanger ungdomsråd	150 000	150 000	-			
Hardanger ungdomsråd	200 000	50 000	150 000			
Hardanger ungdomsråd	200 000	200 000	-			
Hardangerrådsprosjekt	3 998 312	3 685 762	312 550	4 000 000	314 238	1 688
e. Flimmer Film «Ville Vestlendingar»	100 000	100 000	-			
Phantomfilm	100 000	100 000	-			
Messen kunstsenter i Ålvik	600 000	600 000	-			
James Turell i Øystese	300 000	300 000	-			
Hauge senteret Ulvik	200 000	150 000	50 000			
Informasjonstavler i Hardanger	718 312	718 262	50			
Flimmer Film «Fjorden Cowboys»	150 000	150 000	-			
Røldal Pilgrimssenter	200 000	-	200 000			
Breiband Hardanger	1 330 000	1 330 000	-			
Industripionerane	50 000	37 500	12 500			
Hardangerakademiet	200 000	200 000	-			
Det Norske Teateret	50 000	-	50 000			
Hardangerrådet iks	106 837	106 837	-	106 837	-	-
f. Hardangerrådet iks administrasjon	106 837	106 837	-			
Avkastning renter	976 500	939 000	37 500	1 393 334	454 334	416 834
g. Breiband Hardanger	140 000	140 000	-			
Hardanger Historielag	200 000	200 000	-			
Buførevegen	100 000	100 000	-			
Ag3film	37 500	37 500	-			
Hardanger Åtgaum	300 000	262 500	37 500			
AK Teigland	74 000	74 000	-			
Hardangerfilm - Kinolansering	50 000	50 000	-			
Wellguard	75 000	75 000	-			

16 703 299 1 700 350 19 500 171 2 796 872 1 096 522
2 796 872